

78. ¹ Tone: Moder norge Klippeborge

Elsk aa trevnadhyggjar ilag
Stein aa torvor
Fjell aaa skorvor
Bratte hamrar aa elvedrag.
Høge rinnar
Kvasse tinnar
Heilt belemra med evleg is
Dalar djupe
Undar stupe
Seg kosar paa vanleg vis
Stormar susar
Fossa brusar
Gamle tonar i moll aa dur
Ekko ljomar
Vitter sumar
Altid sin dirrande dur
Bjørkekronar
Fugletonar
Varsler fraa høgdi, vel aa bra
Alting helsa
Fred aa helsa
Vitnar kvar blom, aa straa aa blad
Hjartur vakna
Mykje sakna
Lengting i hugen stadig stig
Vegar haale
Kvast er staale
Gudløysa byrjar blodig krig
Hjartor fælast
Hugmaal kvælast
Fædrelandet i naud aa trong
Auga øyra
Sjaa aa høyra
Daudeklokka sin syrjesong
Norigs sønor
Varme bønor
Elsk aa trevna, blanda med graat
Maa ein spyrja
Skal ein syrja
Skal ein skjelva for illalaat
Armar krøknar
Live sloknar
Staute ungdom offra sitt blo
Horni ljoma
Larm paa troma
Lyder opi skal døyvast so
Elsk aa trevna
Heilag levna

Skal daa verdi øyda det no
Det aa berja
Det aa verja
Høgt ropar no Abel sitt blo
Stjernor blinkar
Lynet vinkar
Aa soli den varmar som fyr
Verdens borni
Brukar horni
Kanonurna eldneistar spyr
Kulor fjuka
Byar rjuka
Treng ein kje um aa be til Gud
Sablar blenkjar
Folkje tenkjar
Synest det no ser ufjelgt ut
Verdens larmen
Himmel armen
Almagts krefte ein no treng um
Stygga ferdi
Blinda verdi
Kor kan dei besta for Guds dom
Verdi gruar
Naar i luar
Dei sjaa all si hyggja forgjeng
Naar begjere
Hjartor tære
Aa ein i harme maktlaus stend
Visdoms andi
Almagtshandi
Evleg kjærleik sjaa til vor jord
Ingjen berre
God vor herre
Kan stilla stormen med eitt ord